



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT



Oppheim skule

14. – 17. mars 2005



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. Vurderingsgruppa gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderarane skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

2 FAKTA OM SKULEN

Oppheim skule, bygd i 1976, ligg fint til ved Oppheimsvatnet, med naturen som nærmaste nabo.

Det er i dag tredelt med 45 elevar, og 5 lærarar, 1 assistent og rektor er tilsett ved skulen. I tillegg har skulen kontorhjelp 6 timar i veka. Rektor ved skulen er og rektor for Jordalen skule.

Det er 26 elevar i 1.-4. årstrinn, medan det er 19 elevar på 5.-7. årstrinn. Skulen har ikkje SFO.

3 VURDERINGSTEMA

Skulen har valt fylgjande tema: **Tilpassa opplæring med hovudvekt på arbeidsmåtar og læringsstrategiar.**



Oppheim skule ein februar dag i 2005



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriteria er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane og godkjende av skulen.

Fokusområde:

Tilpassa opplæring med hovudvekt på arbeidsmåtar og læringsstrategiar.

Kriterium	Teikn på god praksis
Det er trivsel på skulen	<ul style="list-style-type: none">- lærarane gjev elevane merksemd ("ser") kvar dag- elevane har vener på skulen- det er lite konflikhtar på skulen- elevane har arbeidsro- dei tilsette trivst på skulen- alle har noko å gjera i friminutta
Det er godt samarbeid mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none">- det er god dialog om barnet si faglege og sosiale utvikling- det vert lagt til rette for tovegskommunikasjon når skule og heim møtest
Elevane får tilpassa opplæring	<p>Elevane får opplæring etter evner og anlegg:</p> <ul style="list-style-type: none">- elevane får trening i å disponera tida si- elevane får tydelege læringsmål- elevane får tilpassa individuelle vekeplanar- læringsmåla er kjende for foreldra- elevar, foreldre og lærarar gjer individuelle avtalar om faglege og sosiale arbeidsoppgåver- elevane er med på å vurdera eige arbeid- elevane kjenner vurderingskriteria- ulike læringsstrategiar går føre seg samstundes- elevane kan gjera val m.o.t. vanskegrad- elevane kan gjera val m.o.t. arbeidsmåte- skulen gjennomfører elevsamtalar
Lærarane legg opp til varierte arbeidsmåtar og læringsstrategiar	<ul style="list-style-type: none">- elevane arbeider på ulike måtar (t.d. uteleik, leik, prosjektarbeid...)

<p>Elevane når læringsmåla</p>	<ul style="list-style-type: none"> - elevane får uttrykkje seg på ulike måtar (t.d. drama, dans, foredrag, video....) - ulike læringsstrategiar og arbeidsmåtar vert drøfta med elevane - opplæringa føregår i/på ulike læringsarenaer - skulen nyttar digitalt utstyr til gjennomføring av fagplanane - lærarane har kunnskap om ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar og drøftar desse - 1. - 4. klassegruppa nyttar lek som læringsstrategi for å nå læringsmål <ul style="list-style-type: none"> - elevane får tilbakemelding på arbeid undervegs - elevane får sluttvurdering av eige arbeid - læringsmåla er konkrete og målbare - elevane har elevmapper eller annan dokumentasjon på læring - skulen evaluerer resultatet av kartleggingsprøver / nasjonale prøver - Skulen følgjer opp resultatata av desse prøvene og kan setja i verk tiltak
---------------------------------------	---



Uteaktivitetar på Oppheim skule



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

Interne : Lærarar, assistent, rektor og elevar ved skulen.
I tillegg vert alle foreldra innkalla til foreldremøte, og 9 foreldre møtte.

Eksterne : 2 vurderarar frå vurderingsgruppa i Hardanger/Voss.

Grunngjeving for val av innformantar :

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld. I ei vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid, er det naturleg å involvera alle dei tilsette og elevane. Denne gongen er det og naudsynt med foreldra si meining, då mykje av tilpassa opplæring krev eit godt samarbeid mellom skule og heim.

Det var skulen i samråd med vurderarane som gjorde dei aktuelle vala om kven som skulle vera involverte i vurderinga.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsgruppa møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsgruppa på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsgruppa informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
Januar 2005	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
17.februar	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde. Vurderingsgruppa har fått planar og anna relevant informasjon frå skulen før dette møtet Skulen vert førelagt framlegg til tidsplan for vurderinga og framlegg til kriterium. Vi drøfter endringar og ynskje og set opp tidsplan for vurderinga.	Begge partar



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

TID	TILTAK	ANSVAR
Januar 2005	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
17.februar	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde. Vurderingsgruppa har fått planar og anna relevant informasjon frå skulen før dette møtet Skulen vert førelagt framlegg til tidsplan for vurderinga og framlegg til kriterium. Vi drøfter endringar og ynskje og set opp tidsplan for vurderinga.	Begge partar
Veke 6 og 7	Skulen gjennomfører loggskrivning med elevane på mellomsteget i to veker, og gjennomfører spørjeskjema for småskulen den 18.02 Loggskjema frå mellomtrinnet og spørjeskjema frå småskulen vert sendt vurderarane fredag 18.02	Skulen
Veke 8	Skulen melder endringsframlegg attende til vurderarane	Skulen
Veke 9	Oppsummering av loggane og spørjeskjema Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderarane
Veke 11	Vurderingsveka: <u>14., 15., 16. og 17. mars</u> <u>Måndag:</u> Foreldremøte om kvelden Rektor organiserar innkalling og ordnar med det praktiske. <u>Tysdag og onsdag :</u> Vurderingsgruppa har samtale/intervju/observasjon med dei skulen og vurderarane vel ut. Skulen set opp ein plan for dette og finn høveleg rom. Vurderarane arbeider med informasjonsdata ettermiddag og kveld. <u>Torsdag:</u> Fellesmøte mellom personalet og vurderarane for framlegging av førebels rapport.	Begge partar
Veke 12	Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen og Voss kommune.	Vurderingsgruppa
Veke 15	Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, og senda til vurderingsgruppa	Skulen
Våren 05	Rapport, loggskjema, spørjeskjema og observasjonsskjema og samtaleguidar vert lagt ut på regionen si nettside.	Regionen
Haust 2005	På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen.	Kommunen



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen gav vurderarane diverse relevante dokument som til dømes verksemdsplan og mange ulike vekeplanar, arbeidsplaner for alle årstrinn. Vidare har vurderarane fått utskrift frå kartleggingsprøvar og elevinspektørane.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde framlegg til kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-97, Opplæringslova, Kultur for læring, rettleiing i spesialundervisning (regelverk, prosedyrar og prosessar).

På det fyrste møtet med skulen vart framlegget presentert, og små endringar vart gjort i fellesskap.

Spørjeskjema

Før sjølve vurderinga sende vurderarane ut eit loggskjema for 5.-7.årstrinn, kor dei skulle skriva logg kvar dag om korleis skulekvardagen hadde vore. Loggskrivinga strekte seg over to veker.

For 1.-4. årstrinn svarte dei på eit skjema om korleis dei opplever skulekvardagen. Skulen fekk og tilsendt eit påstandsskjema for dei tilsette. Alle desse skjema vart fylt ut og returnert til vurderarane for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa av skjema viste kva område vurderarane måtte hente inn meir informasjon om.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna henta inn enda meir info om temaet, laga vurderarane samtaleguidar for dei tilsette og elevane.

På skulen samtala vurderarane med alle dei tilsette og alle elevane.

Det vart og utarbeid eit påstandsskjema for foreldra som utgangspunkt i drøftinga med dei. Observasjon i gruppene på skulen.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå dei tilsette, elevane og foreldre mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga fann vurderarane område som syner sterke sider og område skulen kan arbeida vidare med innan vurderingsområdet.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- Høg grad av trivsel og tryggleik både blant born og vaksne.
- Det verkar som om det er ein harmonisk atmosfære på skulen.
- Skulen er flink med aldersblanding.
- Elevane er flinke å hjelpa kvarandre.
- Skulen gjev rom for dagleg fysisk aktivitet for elevane
- Skulen er flink til å nytta ulike læringsarenaer.
- Laftestova er ein spennande læringsarena.
- Dei tilsette er flinke med uteaktivitetar.

**9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- Læringsmål på vekeplanane bør vidareutviklast
- Skulen bør auka elevmedverknaden i læringsarbeidet og betra tilbakemeldingane til elevane
- Skulen bør innføra rutinar for at elevane skal vera med på ein del av foreldresamtalen
- Skulen må arbeida med å utvikla seg frå arbeidsmåtar til læringsstrategiar



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

10 UTDJUPING AV STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Skulen gjev rom for dagleg fysisk aktivitet for elevane**

Norske barn vert i dag tyngre og tyngre, og dei er meir passive enn før. Staten satsar difor mykje på at alle elevane skal ha minst ein time med fysisk aktivitet kvar dag. Oppheim skule har allereie langt på veg oppfylt dette. Skulen har ein mykje nytta gymsal og ein skuleplass kor elevane boltrar seg med ulike aktivitetar. I tillegg nyttar skulen nærområdet, kor mellom anna lavvoen er ein samlingsplass for uteskulen.

Alle elevane gjev positive tilbakemeldingar på denne aktive skuledagen, og skulen bør halda fram med slik satsing. Nokre av gevinstane er meir skulemotiverte elevar, mindre mobbing, sunnare elevar og meir trivsel i skulekvardagen.

- **Høg grad av trivsel og tryggleik både blant born og vaksne**

Både elevar og vaksne ved skulen er samde i at det er stor trivsel ved skulen. I friminutta leikar dei store og små elevane saman, og det er lite konflikhtar mellom dei. Loggskrivninga viser at alle elevane trivst, og det er berre "leikeslossing" blant elevane.

At skulen er open for elevane før skulestart er eit gode for dei, og det syner at skulen stoler på at elevane kan vera i lag på tvers av årssteg. Vurderingsparet opplevde ein harmonisk atmosfære på skulen dei dagane vi var der.

- **Skulen er flink med aldersblanding**

Skulen underviser fleire årssteg i same gruppe, og denne aldersblandinga gjer at elevane vert meir kjende med kvarandre. Elevane gav uttrykk for å vera trygge på kvarandre.

- **Elevane er flinke å hjelpa kvarandre**

Me observerte at elevane synte omsut for kvarandre. Hjå dei minste samarbeidde elevane med kvarandre, og vi kunne ikkje utan vidare merka kven av elevane som hørde til fyrste eller fjerde årssteg i aldersblanda grupper.

- **Dei tilsette samarbeider godt**

Alle tilsette gav uttrykk for ei god samarbeidsånd. Vekeplanar og andre planar ber preg av dette. Dei tilsette fortel om eit godt arbeidsmiljø, og det er vilje til pedagogisk nytenking.



11 UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDA

→ Læringsmål på vekeplanane bør vidareutviklast

Ein veke/arbeidsplan er ein plan over alt ein elev skal gjera og læra i ein bestemt tidsperiode. Ein veke/arbeidsplan må ikkje verta ei liste frå læraren over oppgåver som læraren forventar at elevane skal koma seg gjennom. Merksemda i ei slik plan må rettast mot læring i staden for "gjering". Det handlar ikkje om kva elevane har gjort i løpet av ei veke, men kva dei har lært. Då bør planen fokusera på måloppnåing, i aukande grad medaukande alder på elevane.

Me meiner at Oppheim skule er komen ganske langt i dette arbeidet. Alle planar me har sett har hatt eitt læringsmål kvar veke. Me meiner at Oppheim skule har eit potensiale til å utvikla dette vidare gjennom setja læringsmål for dei fleste fag på planen, mellom anna for å auka elevane sin refleksjon over eiga læring. Dette vil vera i tråd med nye læreplanar og den vekting som ligg der på tydelege læringsmål og vurdering.

Kva med å lata den enkelte elev få vera med på utarbeiding av eitt av læringsmåla gjennom å laga eit mål som kan innleiast med "Eg skal kunna" etter modell frå Hå kommune:

MÅL	VURDERING	→	
Eg skal kunna	Kan godt	Kan noko	Kan lite
<ul style="list-style-type: none">• skilja mellom einarar og tiarar og hundrarar• bruka pengar når eg handlar• lista opp nokre adjektiv• kjenna att engelske ord på matvarer på arket• kjenna att forteljinga då Jesus kalla læresveinane• ta omsyn til dei andre på gruppa mi• koma raskt i gang med arbeidet etter pausane			

Ein auke i læringsmål kan opplevast som ein auke i lærar sitt oppfølgingsarbeid med å kontrollera om elevane har nådd læringsmåla. Kanskje er det mogeleg at elevane kan vurdere dette sjølve ved hjelp av eit vurderingskjema som overståande, med samtale med lærar i tillegg.

Oppheim skule er på veg i arbeidet med læringsmål. Dei må sjølve bestemma vegen vidare. Dette er ein måte å gjera det på.

→ Skulen må arbeida med å utvikla seg frå arbeidsmåtar til læringsstrategiar

Læringsplakaten seier i eitt av punkta at skulen skal stimulera elevane til å utvikla eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking. Det inneber mellom anna at læraren skal leggja til rette for at elevane tek i bruk ulike læringsstrategiar ut frå det enkelte individ sine behov. Den norske skulen i dag driv vanlegvis ein pedagogikk som baserar seg på attgjeving av kunnskap/rette svar og liten grad av elevmedverknad i eit tradisjonelt læringsmiljø.

Det nye no er mellom anna at skulen skal gå frå standardisering til individuell tilpassing, frå ikkje berre å lytta , men til å gjera. Vidare seier ein at undervisninga skal endrast frå bruk av lærebok til orientering, undersøking og oppdaging.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Ein definisjon på ordet læringsstrategi kan mellom anna vera å velja ein veg mot eit mål. Elevane vil lettare oppleve måloppnåing dersom lærar tek omsyn til dei ulike elevtypane i si læringsplanlegging. Elevane lærer på ulikt vis ut frå kva type dei er: Den visuelle eleven, den auditive eleven og den taktile/kinestetiske eleven. Dei vil ha fordeler av ei undervisning som legg opp til at deira sansepreferanse vert teke omsyn til.

Skulane driv i dag med ulike arbeidsmetodar, men mange gonger utan tanke på at elevar kan nå eit og same læringsmål via ulike vegar. Ved at ein skule nyttar ulike arbeidsmåtar, er ein eit steg på rett veg, men ein må vera obs på at ikkje alle elevane får fullt utbytte av berre ein arbeidsmåte på vegen mot å nå eit læringsmål. For å nå eit læringsmål bør skulane prøva å bruka ulike arbeidsmåtar til kvart læringsmål.

Vi opplever at Oppheim skule er eit stykke på veg i denne tenkinga. I læringssituasjonane legg dei opp til å læra elevane ulike måtar å læra på, og skulen tek eitt breitt spekter av arbeidsmåtar i bruk. Stort sett nyttar alle elevane den same læringstilnærminga samstundes; t.d. at alle skriv, alle teiknar, heile gruppa dramatiserer, alle lyttar til lærar si forklaring o.l.

Neste steg på læringsstigen er at den enkelte elev kan nytta ulike metodar for å nå same mål. For at lærar skal kunna vera leiari og rettleiar for ein slik læringsprosess, må to føresetnader liggja i botnen:

- Kunnskap om dei ulike sansepreferansane.
- Kunnskap om den enkelte elev sin sansepreferanse / læringsstil.

Desse to kunnskapane må til for at den enkelte lærar og (Oppheim)skule kan verta god på læringsstrategiar. Såleis kan skulen vurdere om dei skal nytta tid og budjettmidlar på kompetanseauke innan dette feltet.

→ Skulen bør auka elevmedverknaden i læringsarbeidet og betra tilbakemeldingane til elevane

Elevmedverknad og elevansvar er ein føresetnad for ein utviklingsorientert skule. Forsking understrekar at medverknad og medavgjerd ikkje betyr at eleven skal bestemma, men ta del i og vera aktiv i planlegginga, gjennomføring og vurdering av eiga læring. Forskarane poengterer også at elevmedverknad må vera lærarstyrt. Det er også lærarane som medverkar til å gje elevane ambisjonar og setja seg mål å strekkja seg etter. Det er samanheng mellom motivasjon og lærelyst hjå elevane og deira kjennskap til mål for opplæringa, på same måte som det er samanheng mellom læringsaktive elevar og variasjon i arbeidsformer. (*"Kultur for læring" side 55*)

Overnemnde er ei av dei største utfordringane ein lærar kan stå overfor. Vi opplever at dei tilsette ved Oppheim skule har teke tak i denne utfordringa, og det er veldig positivt. Likevel meiner me at dei har eit stykke att før dei er "i mål". Vekeplanen på Oppheim er nett no heilt lærarstyrt. Me trur at elevane ved skulen evnar å vera med på utforminga av denne. Som ein liten start kan t.d. elevar på mellomsteget sjølve greia å fylla ut ei av "rutene" i eitt fag i løpet av ei veke dersom lærar har lagt til rette rammene for kva fagstoff elevane kan velja frå. Dette kan utviklast etter kvart som lærar og elev vert trygge på tenkinga.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Dersom ein elev medverkar på ein slik måte, trur me at han i større grad vert oppteken av både læringsmål, eigenvurdering og læraren si tilbakemelding på arbeidet han/ho gjer. Dersom dette kan utviklast, trur me at elevane vert opptekne av det læringsmålet som lærestoffet er knytt til. I så fall kan læringsmål og oppgåver knytast tett til tilbakemelding til elevane.

I tilbakemeldingane til elevane bør omgrep som "flott", "fint" og "kan bli betre" gjevast eit innhald. Kva er flott? Kva kan gjerast betre? Ein viktig del av lærarjobben er å "løfta" elevane vidare i ein læringsprosess. Dette kan gjerast gjennom konkrete, skriftlege utdjupingar, i tillegg til gjennom ein munnleg dialog med eleven. Dersom ein dialog kan ta utgangspunkt i eleven sin eigenvurdering, kan dette auka refleksjonsevna rundt eiga læring.

Ein vekeplan/arbeidsplan som kan medverka til at eleven ser samanheng mellom måloppnåing, eigen arbeidsinnsats og eigenvurdering/tilbakemelding frå lærar, er eit svært viktig verktøy for å målet om tilpassa opplæring.

Den såkalla "Stegmodellen", som byggjer på modell frå Kunnskapsskolan Sverige, kan vera eitt av mange idègrunnlag for vidareutvikling av tilpassa opplæring på Oppheim skule. Her vert det mellom anna lagt vekt på mål, eigenvurdering, tilpassa opplæring og individuelle læringsstilar. Vurderingsparet kan senda informasjon til skulen om dette.

→ Alle elevane bør vera med på ein del av foreldresamtalen

Me tilrår at Oppheim skule innfører ny praksis med at alle elevar skal vera med på ein del av foreldresamtalen. Slik vert foreldresamtalen ein arena mellom dei tre viktige partane i skulen: Føresett – skule – elev.

Skulereforma "Kunnskapsløftet" har sett fokus på læringsutbyttet, og legg til grunn at det skal finnast dokumentasjon på dette. Denne dokumentasjonen vert grunnlag for dialogen mellom heim og skule.

Dersom Oppheim skule utviklar arbeidet med elevmedverknad, tilbakemeldingar til eleven på eige arbeid, eigenvurdering og læringsstrategiar, finn me det naturleg at eleven er med på dialogen mellom heim og skule om eigen fagleg og sosial utvikling.

6 månader etter at skulevurderinga finn stad vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss den 17. mars 2005

Aud Opheim Lygre/s

Willy Solberg/s

Vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Vedlegg 1

Påstandskjema for dei tilsette.

Vurderingstema : Tilpassa opplæring med hovudvekt på arbeidsmåtar og læringsstrategiar.

		I høg grad	I nokon grad	I liten grad	Slett ikkje
1	Det er lett å ta kontakt med skulen				
2	Foreldra støtter opp om skulearbeidet				
3	Foreldra får god tilbakemelding om eleven si faglege og sosiale utvikling				
4	Elevane trivst på skulen				
5	Det er arbeidsro i øktene				
6	Eg brukar arbeidsplanar				
7	Kvar elev får tilpassa vekeplan				
8	Elevane mine får opplæring ut frå sine føresetnadar				
9	Elevane kan velja arbeidsmåte av og til				
10	Elevane får differensierte lekser hos meg				
11	Elevane kan fordjupa seg i stoff som interesserar dei				
12	I gruppa mi går det føre seg fleire læringsaktivitetar samstundes				
13	Eg brukar IKT i nesten alle fag				
14	Elevane deltek i planlegginga av eigen læresituasjon				
15	Eg brukar leik som læringsstrategi				
16	Eg ser på elevsamtalen som nyttig				
17	Elevane er med på å vurdere eige arbeid				
18	Skulen drøftar resultatane av kartleggingsprøvene				
19	Etter drøftinga følgjer skulen opp resultatane og set i verk tiltak				
20	Eg er nøgd med skulen sine planar som omhandlar tilpassa opplæring				



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Vedlegg 2

SPØRJESKJEMA: 1. – 4. TRINN PÅ OPPHEIM SKULE 2005

Skulen din skal ha besøk. På førehand vil me gjerne vita litt om korleis du har det på skulen. Me vil også gjerne få vita litt om korleis du arbeider. Derfor vil me at du kryssar av på dette skjemaet.

Læraren les spørsmåla for deg, og du skal kryssa under det fjeset du meiner passar best.

☺ = Dette passar heilt slik det er

☹ = Det passar nokså bra

☹ = Det passar ikkje

		☺	☹	☹
1	Eg er trygg på skulen			
2	Eg har nokon å leika med på skulen			
3	Eg blir ikkje erta på skulen			
4	<u>Eg</u> ertar ingen på skulen			
5	Eg veit kva eg skal læra i timane			
6	Eg hjelper andre med skulearbeidet			
7	Eg får hjelp av andre med skulearbeidet			
8	Eg arbeider saman med nokon i timane			
9	Eg arbeider alltid åleine			
10	Vi sit i grupper			
11	Nokre gonger har vi arbeidsplan. Då kan vi velja kva vi gjer først			
12	Eg har brukt data på skulen			
13	Leksene mine greier eg godt			
14	Læraren min snakkar ofte med meg			
15	Læraren seier ofte at eg er flink			



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

[Vedlegg 3](#)

Foreldreskjema –Oppheim skule -2005

Set eitt kryss for kvar påstand.

	PÅSTAND	HEILT EINIG	LITT EINIG	UEINIG
1	Barnet mitt likar seg godt på skulen			
2	Det er god kommunikasjon mellom heim og skule			
3	Eg synest skulen informerer godt om korleis mitt barn greier seg på skulen			
4	Krangel og mobbing blant borna er eit problem på skulen			
5	Eg synest dei tilsette på skulen er hyggelege mot oss foreldre			
6	Eg har inntrykk av at det er arbeidsro i læringsøktene			
7	Eg har inntrykk av at borna får vera med på å drøfta og planleggja arbeidet på skulen og leksene heime			
8	Det er god forklaring på korleis eg kan hjelpa barnet mitt med leksene			
9	Dersom skulen har planar om endringar, vert foreldra spurde om sitt syn			
10	Dei tilsette på skulen oppmuntrar alle elevar til ågjera sitt beste, ikkje berre dei flinkaste			
11	Eg opplever foreldresamtalen som nyttig			



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Logg, veke 6 . Ta fram skjemaet kvar dag og set kryss under det du har vore med på ! Skriv så litt om korleis du tykkjer dagen har vore!

I dag har eg vore med på dette:	Arbeidd åleine.	Arbeidd saman med nokon.	Fått hjelp frå lærar.	Fått hjelp frå andre.	Hjelpt andre elevar.	Framført noko for klassen.	Arbeidd på data-maskin.	Eg har greidd opp-gåvene mine.	Det var opp-gåver eg ikkje fekk til.	Eg har kran gla med andre.	Eg har vore i aktivitet i pausane	Det har vore arbeids-ro i klassen	Eg veit kva eg skal læra i faga.	Eg har bestemt noko i dag.
Måndag 7.feb														
Denne dagen har vore:														
Tysdag 8.feb.														
Denne dagen har vore:														
Onsdag 9.feb.														
Denne dagen har vore:														
Torsdag 10.feb.														
Denne dagen har vore:														
Fredag 11.feb.														
Denne dagen har vore														



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Logg, veke 7. Ta fram skjemaet kvar dag, og set kryss under det du har vore med på ! Skriv så litt om korleis du tykkjer dagen har vore!

I dag har eg vore med på dette:	Arbeidd åleine.	Arbeidd saman med nokon.	Fått hjelp frå lærar.	Fått hjelp frå andre.	Hjelpt andre elevar.	Framført noko for klassen.	Arbeidd på data-maskin.	Eg har greidd opp-gåvene mine.	Det var opp-gåver eg ikkje fekk til.	Eg har kran gla med andre.	Eg har vore i aktivitet i pausane	Det har vore arbeids-ro i klassen	Eg veit kva eg skal læra i faga.	Eg har bestemt noko i dag
Måndag 7.feb														
Denne dagen har vore:														
Tysdag 8.feb.														
Denne dagen har vore:														
Onsdag 9.feb.														
Denne dagen har vore:														
Torsdag 10.feb.														
Denne dagen har vore:														
Fredag 11.feb.														
Denne dagen har vore														

